

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Helsing, faktor og åfferd.

Oppskr. av: Yari Haga

(adresse): Baldersheim

Fylke: Hordaland

Herad: Strandvik

Bygdalag: Revnstrand

Gard: Haga

G.nr. 105 Br.nr. 2.093.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Når folk vil gjeva uttrykk for ja og nei utan å bruka ord, so nikkar ein på hovudet til „ja“, og rister på hovudet til „nei“. Dei gamle kunde også gjeva uttrykk for „nei“ ved liksom å skjera fra seg med eine eller både hendene.
2. Før i tida var det vis her å helsa på alle ein møtte, kjende og ukjende folk. Gamle folk gjør det ennå. Men i seinare år er det vorte når avleggs med å helsa. No helsar ein ikke på ukjende folk ein møter etter vegen.
3. Gjen som skulle helsa først kom an på kvarhust ein møttest. Var det på sitt tun, eller innanfor sin gards eignamerke, høyrdet det den framande til å helsa først anten han var ung eller gammal. Når ei kvinne og ein mann møttest på vegen, høyrdet det mannen til å helsa først, utan so at kvinnan var gammal og mannen ung, då kunde gjerne kvinnan helsa først.

4. Den vanligaste helsinga når nokon møttest var „gudag”, (gudagen) og „gukveld”. Når ein skildst vart det sagt „farvel” eller „gonaatt”. Gi ornor helsing som før var mykje brukta når ein møttet var „velkåbenen te”. Svaret var då „sjøl velkåbenen”. Nådde ein att nokon som gikk føre seg på vegu vart det sagt „velfaren føre”. Svaret var då „velkåbenen ette”. Desse helsingane er gjengre heilt os bruk no, og er aldri å høyra på vegane mire.

5. Karan tok av seg hatten eller hova når dei belta på presten. Likeeins gjorde same når dei truffe lensmannen eller ein riking. Bygdifolk som møttet heilste på kvarandre berre med ord.

6. Dette har ein ikkje høyst noko om.

7. Var ein i bestkleda vart det mire handhelsing sjølv med dei nærmaste grannane, ein når ein var kvardagskledd.

8. Ved kristne samlingar og ved kyrkja handhelsket venner og kvenningar. Likeeins i verskap, brudlaups og sjond. Og når folk kom på visting vart det handhelsing og fagning både til vakene og born.

9. Når ein vilde syna rettlege glæda over å møtast vart det gjerne mykje klapping ogstryking på

øksla og armen. Det kalla ein for å "fagna" kvarandre.

10. Kyrkja ligg i ei omor bygd so kyrkje-klokka høyest ikkje her til. Men når folk var på kyrkjeveg og klokka tok til å ringja, letta karane på hatten og kvinner gjorde krossleiken på bringa.

11. Var folk ute på arbeid når likferd eller brurfylglei for framom, so stoppa ein arbeidet og stod ico til ferda var forbifaren. Motte ein ferde på vegu gikk ein litt ut av vegon og stod med hatten eller huva i handa til ferda var dregen forbi.

12. At folk før i tida helsa på dyr eller slike ting har ein ikkje hørt om.

13. Det var berre sjeldan nokon sa gornom før i tida. Husens folk brukte ikke slike helsingord til kvarandre då. Men om framande kom for det var lyst so sa ein "gumåro". So snart det var lyst vorte sa ein "gudag". Når det tok til skifta dagslet sa ein "gukveld". Når ein skildret om kvelden sa ein "go natt".

14. Fyrsta ein høyrd nokon ta til med å helsa "gornoni" heile dagen og kvelden med, so smalla folk åt det og tykte det var "marroro leggersla". Det var slike som gjerne ville kallaast "storfolk" som byrja den skikken.

15. Når ein helsar vert det sovara slik som helsinga lyer. Vert det helsa „gomorn“ so er svaret også „gomorn“

16. Her i bygda er det no det vanligaste i helsa „gomorn“ om morgoen, „godag“ om dagen og „gokveld“ om kvelden. Før var det vanlegt å sia „go natt“ når ein skildst om kvelden. No segger ein „gokveld“ også når ein skilet.

17. Helsinga „Guds fred“ var ikke jamnt brukta heitkning. Men når so hørde var det støtt bruka i helsa med „Gu signe arbeid“ eller „Gu signe størv“, „Gu signe kvilo“, „Gu signe lage“, „Gu signe snaten“.

18. Når ein får gjorde ei tenest for dei gamle, t.d. kredda ei mål eller so, varst ein jamt takka med orda „signe være hånd di“, eller om ein sprang eit erend „signe være foten din“.

19. Om ein gjest helsa på husens folk ute som følger han inn, so segger han likevel „godag i ståvo“ når han er innkommen. Et det til dømes i jula og han har høst gledeleg jul ute, so segger han også „godag, og gledeleg jul i huse“ når han er komon inn. Eldre folk brukar den skikken emt.

20. Ein vit ikke om noko sers følgjerdska i ord eller fakter om nokon skulle smakka med husfaren alleine.

21. Framandfolk brukte stundtå banka på utedøra. Men å banka på innedøra var ikke vis her i eldre tid. Hadde ein erend gikk ein leint i stova, om ikke ein råka nokon ute. No er banking på innedøra det vanlege.

22. Når ein no bankar på innedøra vert det svara „kom inn“ eller „versøg“.

23. Framande vart altid ståande ved døra til sinkvan bad dei setja seg. Det var god folkeskikk å vere høflege mot framandfolk og hjelpe dei sess.

24. Før var det ikke alle som tok av seg hatten korkje med same dei kom inn eller når dei sette seg. Summe brukte å sitja med hatten på til han vart beden til bordet.

25. Til innkomne framandfolk vart det sagt: „sjå du får sitta, gjerso, set deg idnarpå“. Var den framande tråbeden vart det gjerne sagt: „var kje forsødle men sessa deg nō“. (Ordet „forsødle“ har ein ikke hørt brukta i tale sidste 50 åra. Det tydde vist noko slikt som flau.)

26. Folk som kom inn vart altid bedne sess. Og ein sa mykje det same til alle. Farande fantar som ein helst såg utanfor døra att vart ikke bedne sessar, men dei griddde jamnaest sessa seg sjølv likevel.

27. Heilt framande sorn kom til gards i et  
erend helste fyrt, quodag", og etter å sagt  
kven han var vart dei gjerne handheling.

28. Ein veit ikkje om noko skildna  
på åtferda mot degnfolk eller framande.  
Alle "sjela folk" vart godne ein sess.

29. Var det sers kjerkomme gjester vart  
dei gjerne fagna med klapp på øksla,  
og so vart dei leidde til sessa.

30. Det vanlege var å segga "farvel"  
og svaret var også "farvel". Eller ein sa:  
"du må leve so vel". Svaret var då:  
"takk, du da same".

31. Ved avskil vart helsinge gjerne meir  
høgtidleg, med handtrykk og fagning.  
Økta var gjerne: "no må du fara vel".  
Svaret var: "takk for da, og du må og  
fara vel". Til den som skulle reisa  
vart det sakt "du må ha lukka te",  
eller "lukkeli reis", og so vinkta ein med  
handa so langje ein såg kvarandre.  
No vinkar ein med lommmedukken.

32. For 50-60 år sidan såg ein jaust  
gamle folk kyssa på handa eller  
kinnet både til velkomst og avskil.

33. Ein såg gamle konor kyssast,  
bror og syster, mor og son og more  
og dotter.

34. Ein brukte å segga „gje monn“, „gje sotemonn“. I staden for å sei „du kysslest“ sa ein „du monnast“.
35. Å kyssa på handa var brukte, kanskje mest mellom skyldfolk.
36. Ein forstod det slik at å kyssa på handa kunne vera uttrykk både for gleda, for vyrdaad, og for stor takkseind.
37. Dette kan ein ikke segga so visst å ha sett eller hørt om.
38. Til småbarna brukte ein å segga „gje meg mannen din“ eller „gje meg din sotemonn“. För i tida var sotemonn det vanlegaste namnet for kyss.
39. Ein kalla det å „leyta nasa“ når ein sette si eiga nasa mot nasa til barnet. Ein sa: „O du må ja ei frasa? me ska leyta nasa!“
40. Både foreldra og større born og andre som passa barnet kunde gjera det.
41. Dette og var brukte gjera å „stela nasa“ til barnet. Til jenteborn sa ein: „no ska eg vera lur, å stela naso til ei bruk“. Til guttborn sa ein: „no ska eg vera bude, å stela naso til ein kar“. Ein gjorde det slik at ein tok nasa mellom slikepott og langstong og kneppe ørlite til. Etterpå sette ein oppen

av tormmelabotten millom dei to fingrane, synt barnet den og sa: „sjå da ce nasa-  
tippen te ei brur - va eg ikke tur?“  
Eller: „sjå da ce nasa tippen te ein kar -  
va eg ikke no snar?“

42. Når ein la kinn mot kinn vart  
det kalla „å kyela“, „vera go mā“, eller  
„vera kyar mā“.

43. Dette var ikke bare millom foreldre  
og barn, men også av andre som passa  
småbarna. Også millom voksne.  
Til dømes millom mor og datter.

44. Uttrykket „te lukka“ var bruks i ymse  
møve. Ved årnålsdagar sa ein „te lukka  
ma-dagen“. Ordet gratulerar er kome  
inn i talestruk mest den siste mannsalderen.  
Hadde nokon gjort ein større handel,  
t.d. kjøpt ein hest, vart det sagt „te lukka  
ma handelen“.

45. I jola brukte folk å segja „gledele  
julafest“. I nyårshelga sa ein „Godt  
nyttår!“ Surr gamle sa: „Gu signe  
nya året. I påskehelga sa ein „gledele  
påskafest“, i pinsstihelga „gledele pinslifest“.  
Svara var: „takk, du da same“. Seinare  
svara ein „iligenmåde“. Ved barnfødsle  
sa ein „te lukka ma son or (dottoro)“.  
Ved tvillingfødsle har ein siogt det  
vart sagt: „te lukka ma dubla gleo.“  
Ved truloving og brudlauv sa ein og  
„te lukka“. Svara var: „takk for da“.

Når nokon for første gong hadde på seg  
mye kleplagg eller mye sko vart det  
sagt til han: "Slit me hælso". Eller:  
"Vahara gje deg halsa te slita da ma".

46. Ein veit ikkje å ha høyst av dei gamle  
noko særskilt ordvendingar brukta ved  
dødsfall eller motgang. I seinare tid er  
folk tekne til å brukta ordet "kondolera",  
eller dei segger: vil få seia om maktensha  
i sorgjo". Men dette lyt segjast å vera  
noko mytt her på bygdene.

Ein høyrde det vart sagt når ein helsle på  
dei syggjande: "Vahara frøste deg (dåke)".  
Men om dett var den vanlege helsinga  
i slike høve kan ein ikkje seie med vissa.

47. Svaret var: "takk for da".

48. I sjond brukta kjørmeisteren å halda  
ein tale i heimen før dei bar ut kista.  
Då takka han skyldfolk og venner på vegne  
av den døde. Ein sa kjørmeisteren  
gjorde "skiljar-takko". Ein sa også at han  
"takka av".

49. Barn kunde hæde kvarandre ved å  
retta ut tunga. Eller ved å "gjera long  
nasa", sume sa, "peika nasa". Ein sprika  
på alle fingrane og rette bæl hendene  
etter kvarandre inn ein kommostokken  
på nasatippen.

Vaksne kunde syna vanværdna ved å  
klappa seg på baken. Eller ved å  
spulta på ein ettertrykksleig måte.

50. I eldre tid sa folk De til alle gamle. Gifte folk sa De til kvarandre og born sa De til foreldra. Til tenare, syskin og gammalderingar sa ein du.

Av ymse berre som emne går i bygda kan ein veta at ein i eldre tid brukte segja J og Yer til storfolk. Men det er avleg for mamsaldra sidan. No segger ein du til alle kjensfolk. Men De til framande.

51. Ikke til folk segger ein han eller ho istaden for du. Den tilbaleforma bruka ein berre til hunden, t. d., "Vil han koma me seg", - vil han dra seg vekk me seg".

Ein har ordbruk som „å vera mann for sin hatt“ - „vara høg i hatten“ - „vara hatten so eg vil“.

#### Ordtak.

„Låg mann lengna i høg hatt“.

„Ein hatt høve ikke adle håve“.

„Ein lyte mala hatten ette håve,  
å ikke håve ette hatten“.

„Ein ska kje venta kvar hatt sette  
prå sitt vismannshåve“.

Her er ei gata som skulle vore med då eg sende svar på nummer 36. Helsing, faktor og åferd. Men den vart gløynd teken med då.

Min herre lå henge meg å slenge meg,  
men triv meg når han trenge meg.  
Eg verte ikkje se bors beden, men sette  
høgare ein min herre.

Løysinga er: hatten

Gata er frå Hålandsdal

Kari Haga

### Til Etnologisk gransking.

Då eg sende inn svar på spørrelista nr. 36 "Helsing, åferd og faktor" gløynde eg å nemna ei helsing som før var brukta av dei eldre. Når nokre stod saman på vegn og ein kom framom, så sa den som kom: "Stand i freden!" Dei andre svara: "Fre me deg og!"

Vit ikkje om de kan føra dette inn på svararka frå meg, ellers om det kan ha noko intressa. Men sender det med sidan eg nett hugsa frå det.

Vyrdsamt  
Kari Haga